

Sveio kyrkjeleg fellesråd

Tenester og oppgåver

Sveio Kyrkjelege Fellesråd er ein sjølvstendig organisasjon, der om lag 2/3 av verksemda er finansiert via kommunalt tilskot. Frå 2021 er dette med heimel i Lov om trus- og livssynssamfunn §14.

Fellesrådet har ansvar for 3 kyrkjer og 2 kapell, samt 12 gravplassar. Fellesrådet er ein liten organisasjon med 11 tilsette fordelt på 7,5 årsverk.

Kyrkja i Sveio har sitt overordna mål at «Menneske i alle aldrar og livssituasjonar – kvinner og menn, barn og unge - skal kunna oppleve at dei høyrer til i kyrkja og bli respekterte der, slik at alle kan ta del i det lokale kyrkjelivet». Samstundes utføre Fellesrådet oppdrag på vegne av kommunen på gravplassområdet. Vårt oppdrag kan uansett knytast opp mot samfunnsdelen av kommuneplanen.

Mål for eininga for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Samfunnsdelen av kommuneplanen

For Fellesrådet sin del er det 2 hovudområde som peike seg ut innanfor **«klima, miljø og energi»**. Energiforbruket til oppvarming av kyrkjene er høgt. Vi har likevel registrert ein tydeleg nedgang for Sveio kyrkja – der det i desember 2023 vart tatt i bruk nytt varmestyringssystem med auka oppvarmingskapasitet. Arbeidet med same varmestyringssystem for Valestrand kyrkje, som er den kyrkja etter Sveio kyrkja som har høgast straumforbruk, er på gang og vil mest sannsynleg vera installert i løpet av 1. kvartal 2026..

Klimaendringar gjer det endå viktigare å sikra bygg og gravplassar mot nedbør og inntrenging av fukt. Skalsikring er viktig. Hausten 2022 vart det oppdaga lekkasje i taket i Sveio kyrkja – her vart då gjort nokre strakstiltak for utbetring, men her må vurderast nytt tak på sikt – svært usikkert kor lenge midlertidig utbetring vil vara. Prosjektet vert vurdert finansiert/ delfinansiert med midlar frå kyrkjebevaringsfondet i perioden 2026-2029, men truleg må kommunen vera med å delfinansiera prosjektet. I Eikeland kapell vart det sommaren 2024 gjennomført utbetring av tårnet, samt at kapellet vart malt på dugnad til vigsling av ny gravplass i juni. Det som står att her er utbetring av muggdanning i murveggene – gjeld til dels i kyrkjerommet, men særleg i prestekontoret ved hovudinngang og i kjellarrommet. I Sveio kyrkja vil det vera nødvendig å utbetra sakristia – dette er planlagt med eigne ressursar og litt dugnad hausten 2025/ vinteren 2026. Ut over dette vil det vera nødvendig å tjæra Valen kapell i løpet av 2026 – dette 'og planlagt med eigne ressursar. Elles blir det gjort ei vurdering av tak og vindauga i kapellet – her avventar vi kostnadsestimat, og det bør nok setjast av noko midlar i vedlikehaldsbudsjettet til dette arbeidet. Med dette er alle kyrkjene og kapella i Sveio malte dei siste åra 😊.

Det vil likevel vera kontinuerleg behov for vedlikehald og utbetringar på dei fem kyrkjene og kapella våre – dette 'og for å møte dei auka klimautfordringane.

Til Formannskapet 201025 melde vi følgjande behov:

Utviding av gravplass ved Sveio kyrkje, og litt på sikt gravplassen ved Valestrand kyrkje.

Gravplassen ved Sveio kyrkja fyllest opp, og vi bør starte prosessen med utviding.

Gravplassen vart tatt i bruk i 2013, og den hadde då plass til 44 urnegraver i felt U1, 85 kistegraver i felt A og 279 kistegraver i felt B. Totalt 364 kistegraver.

Vi har så langt nytta 212 av kistegravene – slik at det pr 161025 står att 152 unytta kistegravplassar.

I perioden 2023-2025 hittil har vi gravlagt totalt 27 personar på denne gravplassen: I 2023 – 9, i 2024 – 6 og hittil i 2025 – 12. Dei fleste av desse gravene har festa grav ved sida – det utgjør totalt 54 graver.

Om vi legg til grunn at talet på gravlagde framover held seg på nivå med 2025, og at dei fleste vel grav med feste – så vil det ta 5-6 år før alle kistegravplassane er nytta..

Vi er kjende med at kommunen har tatt av areal til utviding av denne gravplassen, og at prosessen dermed vil bli noko kortare enn det vi opplevde ved utviding av gravplassen ved Eikeland kapell, men slike prosessar tar tid – så det er viktig å starte planlegginga i god tid.

I tillegg til gravplassen ved Sveio kyrkja, minke det 'og på plass på gravplassen ved Valestrand kyrkje.

Her har vi gravlagt følgjande: i 2023 – 2, i 2024 - 0 og hittil i 2025 – 1. Med festa graver totalt 5 graver.

Det er pr i dag totalt plass til 50 nye graver utanom dei som er festa, og dei fleste nye er med festa grav ved sida.

Gravplassen ved Valen kapell vert i dag stort sett berre nytta til festa graver – det er lite plass til nye graver. Nye graver her, vil dermed måtte overførast til Valestrand gravplass – noko som 'og må takast omsyn til i høve til kapasitet her framover.

Gravplassane ved Førde kyrkje og Eikeland kapell er utvida nyleg, og har kapasitet i mange år framover.

Framnes gravplass og Nordskog gravplass har framleis plass til nye graver, men vi ser at nokre vel gravplassen ved Sveio kyrkje framfor Nordskog. Førde ved sjøen og Bjelland er gravplassar som berre har plass til festa graver, medan Fjellstad øvre og nedre gravplass vil ha plass til nokre nye, men elles festa graver.

Sveio har totalt 12 gravplassar som skal følgjast opp – gravplassen på Eikeland med sjøen er verna og vert berre vedlikehalden med slått i sommarhalvåret.

Straum og lys på gravplassar som ikkje har det i dag – gjeld Fjellstad, Nordskog, Framnes, Bjelland og Førde ved sjøen, samt på parkeringsplassen ved Valestrand kyrkje.

Det manglar straum og lys på gravplassane Fjellstad, Nordskog, Framnes, Førde ved sjøen og Bjelland, samt på parkeringsplassen ved Valestrand kyrkje.

Dette skapar utfordringar for gravplasspersonalet vårt gjennom vinteren - med tining av nye graver, samt med manglande lys for å utføre arbeidet. Det vil 'og gi utfordringar i høve til å ta i bruk planlagde robotar til å slå graset på gravplassane – dei treng 'og straum.

Elles vil det jo gjera gravplassane meir tilgjengeleg for besøkjande på kveldstid – det blir tidleg mørkt i vinterhalvåret.

Ved prioritering bør Fjellstad nedre og øvre prioriterast, men Nordskog og Framnes bør 'og på sikt få straum og lys på plass.

Parkeringsplassen ved Valestrand Kulturkyrkje er heilt utan lys, og det skapar farlege trafikkale situasjonar ved arrangement i kyrkja – med masse bil og folk til og frå i eit område utan lys.

Kontorsituasjonen på Kyrjekontoret.

Vi har no tilsett i alle ledige stillingane i STABEN, samt i ein ny stilling.

Det har gitt oss utfordringar i høve til kontorplass til alle. Det er ikkje ønskjeleg at personar som jobbe med heilt ulike ting skal dela kontor – det skapar unødig frustrasjon ved telefonbruk og besøk, men vi har gjennomført det der personar jobbe innan same arbeidsfelt. For å få kabalen til å gå opp må dei med deltidsjobb elles dela på dagar, men det er ikkje alltid like enkelt å få til ut frå arbeidet som skal utførast – noko som gjer at vi må nytta oss av heimekontor einskilde dagar, og det er ikkje ønskjeleg. Vidare har vi pr i dag ikkje kontorplass til organistane våre, som blir to fom 151125.

Forslag til løysing kan vera å nytta eksisterande garasje i Soknehuset til nye kontorplassar, og byggja ny reiskapsbod på noko av arealet som er sett av til utviding av gravplassen ved Sveio kyrkja. Denne gravplassen har ingen plass til reiskapar pr i dag, og det er eit behov som kan løysast på denne måten.

Andre mindre investeringsbehov – ny tilhengar, robotklippar, snøfres og oppgradering av kjøkken og tidlegare dåpssakristi i Sveio kyrkja – bruk av fondsmidlar/ driftsmidlar.

Tilhengaren vår gjennom mange år har vore på kontroll og vart kondemnert, og her måtte vi berre handla raskt - då den er i dagleg bruk på gravplassane. Vi henta inn tilbod, og fekk eit godt tilbod på ein heilt ny, men som hadde stått for sal ei tid. Pris kr 48 000 eks mva. Denne bestilt, og kostnaden vert dekkja av fondsmidlar i 2025.

Vidare har vi henta inn tilbod på robotklippar – pris kring kr 45 000 eks mva inkl programmering. Denne er det ønskjeleg å testa ut før vi effektuerar ei bestilling. Pga sjukdom hos leverandøren må denne testinga utsetjast til sommaren 2026. Det er elles klargjort frå vår side – slik at roboten kjem seg over stiane på gravplassen. Prøveprosjektet vi bli på Sveio gravplass – der det er enklast å følgja opp i ein utprøvningsperiode. Kostnaden vert dekkja av kyrkja i 2026.

I tillegg bør vi kjøpa inn snøfres til gravplassane – det har dei siste to åra vore bra med snø, og det er ikkje forsvarleg at snømåking føregår med handamakt. Tilbod vert henta inn, og kostnaden dekkja av kyrkja i 2025/ 2026.

Sakristia i Sveio kyrkja er under oppgradering. Det vert vurdert kjøp av nytt kjøkken om vi får eksterne tilskotsmidlar til dette – andre oppgaderingskostnader vert dekkja av kyrkja.

Om lag 80% av innbyggjarane i Sveio er medlem i Den norske kyrkja. Det betyr at kyrkja er ein stor del av innbyggjarane i Sveio sitt liv gjennom dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Men 'og gjennom gudstenester, babysong, oppfølging 1-3 år etter dåpen, 4-6 års bok, 7-9 års bok, Lys våken, tweensklubb, leiarkurs mm. Barnekora og samarbeidspartnarar i musikkliv elles – korps, kor, Fartein Valen arbeidet mm, samt konsertar og andre kulturopplevingar i våre bygg, er 'og med på å realisera målet om at «**det skal vera godt å bu og arbeida i Sveio**».

Alle innbyggjarane har rett på grav i Sveio. Ein kan seia det slik at det ikkje berre skal vera godt å bu i Sveio, men det skal 'og vera «godt å leva igjen» for dei som har mista nokon av sine. Det er derfor viktig at det er tilstrekkeleg plass på gravplassane, og ikkje minst er det viktig med godt vedlikehald av dei 12 gravplassane.

Fellesrådet er ein liten organisasjon som er heilt avhengig av samarbeid med og kompetanse frå andre for å møta **digitaliseringsutfordringane**. Samarbeid med kommune og andre leverandørar kan likevel ikkje løysa alt. Vi må 'og utføra oppgåver sjølv, og har gjort det i form av overføring av

gudstenester mm. Det må vidare 'og jobbast med å ha digitale løysingar som har tilstrekkeleg kvalitet og er brukarvennlege.

Kyrkja har avtalar med kommunen om å nytta kyrkjer og soknehus i samband med **samfunnstryggleik og beredskap, samt ved handtering av kriser** mm. Kyrkja er ofte sentral når kriser oppstår.

Dei demografiske endringane vil føra til at folketalet i Sveio vil stiga framover i dei aller fleste aldersgrupper. I 2040 vil vi mest sannsynleg ha om lag 40% fleire innbyggjarar over 80 år. Dette vil gi oss fleire utfordringar når vi statistisk sett då vil få 30-50% auke i gravferder pr år. Gode gravkart og god oversikt over ledige graver mm vil vera viktig her. Vi vil 'og bli utfordra i høve til kva vi kan gjera for desse aldersgruppene, samt korleis vi kan mobilisera til frivillig innsats i ulike aldersgrupper.



Administrasjonen i Fellesrådet har eit vidt og omfattande arbeidsfelt og med berre 1.3 stilling til kontoradministrativt arbeid, må det prioriterast strengt – noko som gjer at vi i liten grad får tid til plan- og utviklingsarbeid, oppfølging av undersøkingar og høyringar mm, som vi burde hatt meir tid til.

Fellesrådet kan samanfatta sine behov for auka drift/ investeringstilskot slik:

2026: Midlar til inndeling av 2-3 nye kontor i dagens garasje m- ot ny bod for vedlikehaldsarbeid og reiskapar på areal for utviding av Sveio gravplass. Dette hastar då vi ikkje har tilstrekkeleg med kontorplass til noverande stab.

2026: Nytt varmestyringssystem i Valestrand kyrkje må effektuerast – noko som vil gi tydeleg lavar straumkostnad, jamfør Sveio kyrkja der straumkostnaden vart halvert over 3 vintermånader. Muleg avsett i 2025?

2026-2028: Straum og lys på gravplassane som ikkje har dette i dag, samt på parkeringsplassen ved Valestrand Kulturkyrkje. Prioritet som vist over.

2026-2029: Nytt tak i Sveio kyrkja.

2027-2030: Utviding av gravplassen ved Sveio kyrkje.